

Unngå ulykka

Skap tryggleik
ved å bruke
DagROS!

Har du ansvar for tryggleiken til andre?



Denne rettleiaren er utvikla og utgjeven i eit samarbeid mellom Klepp kommune i Rogaland, Sosial- og helsedirektoratet ved Sekretariatet for Trygge lokalsamfunn og Direktoratet for sivil beredskap.

Rettleiaren finst på bokmål, nynorsk, samisk og engelsk.

Bruk DagROS!

- eit enkelt verktøy for å handtere
risiko i kvardagen

Kva er DagROS?

DagROS er ein enkel og kvardagsleg risiko- og sårbarheits-analyse (ROS).

Metoden er først og fremst for deg som har ansvar for tryggleiken og velferda til andre på jobben eller i fritida, men kan og brukast for å betre eigen tryggleik.

DagROS hjelper deg å:

- få oversikt over farar du kan møte,
- finne ut kva risiko du kan redusere på førehand og kva du må handtere når uhellet har skjedd,
- plassere ansvar for å førebyggje og handtere ulykker,
- skape ein trygg og vellykka aktivitet.

DagROS krev berre at du set deg ned, har papir og blyant for handa (PC, tavle eller storarktavle dersom de er fleire), og tenkjer kreativt.



Eksempel på når DagROS kan brukast:

- Barnehagen skal på utflukt.
- Teknisk etat må mellombels stengje ein gang- og sykkelveg.
- 10. klassen skal på utanlandstur.
- Sjukeheimsbebuarane må flytte på hotell medan oppussing pågår.
- Det skal vere sommaravslutning på jobben.
- Bonden skal ha 14. dagars ferie.
- Idrettslaget skal arrangere kinsstemne.
- Speidarpatruljen skal overnatte i fjellet.
- Fritidsklubben vurderer å ha laurdagsope.
- Pensjonistforeininga skal på busstur.

Set av litt tid til DagROS før du gjennomfører turar, aktivitetar og prosjekt!

DagROS trinn for trinn:

1. Kva slags aktivitet eller situasjon er det vi skal vurdere?

.....
.....

Viktige opplysningar om aktiviteten (tidspunkt, talet på deltakarar osv.):

.....
.....

Del opp aktiviteten i mindre delar dersom dette gjer det meir oversiktleg:

.....
.....
.....

2. Dette er vi redde for kan skje! Ingen forhold er for små eller for store til å vere med.

.....
.....
.....

3. Kva må og bør vi gjere noko med? Set kryss utanfor dei hendingane i pkt. 2 som skal følgjast opp.



4. Kva kan vi gjere for å redusere sjansane for at desse hendingane skal skje? Før opp kven som er ansvarleg for kvart tiltak.

(Ansvarleg:)

(Ansvarleg:)

(Ansvarleg:)

5. Kva kan vi gjere for å redusere konsekvensane dersom desse hendingane likevel skjer? Før opp kven som er ansvarleg for kvart tiltak.

(Ansvarleg:)

(Ansvarleg:)

6. Etter at aktiviteten er gjennomført: Korleis gjekk det? Kan vi lage nokre hugeregjar til neste gong?

.....
.....

Hugs at å redusere sjansar for uønska hendingar inneber å iverksetje førebyggjande tiltak, og at å redusere konsekvensar av uønska hendingar inneber å iverksetje skadeavgrensande tiltak!

Eksempel:

1. Kva slags aktivitet eller situasjon er det vi skal vurdere?

BARNEHAGEN SKAL PÅ TUR TIL BORESTRANDA.

Målet er å oppleve naturen, kontrasten mellom himmel og hav, fugleliv osv., og å kose oss, leike og ha måltid på stranda.

Viktige opplysningar om aktiviteten (tidspunkt, talet på deltakarar osv.):

Måndag 15. april 2002. Talet på barn: 18 (alder 5-6 år). Talet på vaksne: 3 tilsette.

Del opp aktiviteten i mindre delar dersom dette gjer det meir oversiktleg:

Frå barnehagen til bussen, og frå bussen til stranda. Bussturen. På stranda.

2. Dette er vi redde for kan skje! Ingen forhold er for små eller for store til å vere med.

Barna spring ut i vegen. X

Barna vert bilsjuke. X

Barna skadar seg. X

Nokre av barna kjem vekk frå gruppa (forsvinn i sanddynene). X

Det vert for varmt/kaldt.

Barna går i vatnet og vert våte. X

Forgiftning. X

Barna spring/hoppar i sanddynene og gjer skade på naturen. X

Dei tilsette mister oversikta. X

3. Kva må og bør vi gjere noko med? Set kryss utanfor dei hendingane i pkt. 2 som skal følgjast opp.

4. Kva kan vi gjere for å redusere sjansane for at desse hendingane skal skje? Før opp kven som er ansvarleg for kvart tiltak.

• Peike ut ein hovudansvarleg for turen. Den hovudansvarlege lagar opplegg og arbeidsfordeling, fordeler barna på dei vaksne, sørger for at det vert avtala klare reglar for kva som er lov/ikkje lov, og informerer dei vaksne som skal vere med.

• Snakke med barna om turen. Avtale enkle oppførselsreglar (sitje roleg i bussen, korleis ta vare på naturen, ikkje hoppe/springe i sanddynene, ikkje ete ukjente planter osv.).

• Ta med fleire vaksne. Spørje to foreldre.

• La barna gå to og to frå barnehagen til bussen, og frå bussen til stranda. Ein vaksen først, og ein sist. Dei andre går saman med "eigne" barn.

• Ha stadig kontakt med "eigne" barn.

• Vere konsekvent i forhold til barna når det gjeld kva som er lov/ikkje lov.

5. Kva kan vi gjere for å redusere konsekvensane dersom desse hendingane likevel skjer? Før opp kven som er ansvarleg for kvart tiltak.

• Ha med førstehjelpsutstyr.

• Kunne førstehjelp.

• Ha med mobiltelefon og viktige telefonnummer (nødhjelp, til foreldre).

• Utarbeide rutinar for kva som skal gjerast dersom eit barn forsvinn.

• Ha kunnskap om rutinar ved forsvinning.

• Be foreldre sende med ekstra skift av kle og sko.

• Skifte på "eigne" barn.

6. Etter at aktiviteten er gjennomført: Korleis gjekk det? Kan vi lage nokre hugsereglar til neste gong?

Fleire vart plaga av sand i augene. Vi burde hatt med mykje reint vatn og nokre handdukar. Elles gjekk alt etter planen.



Mari

Mari

Mari

Helene

Alle

Alle

Helene

Alle

Mari

Mari

Alle

Torbjørn

Alle

INFORMASJON

På Direktoratet for sivil beredskap si internettside, beredskapsnett.no, finn du informasjon om DagROS. Her kan du mellom anna hente ut papirversjonar av denne brosjyra, trinn for trinn-skjema og andre eksempel på bruk av metoden.

Dersom du ønskjer fleire trykte brosjyrar, ta kontakt med Direktoratet for sivil beredskap.

Du kan og ta kontakt med Sosial- og helsedirektoratet ved Sekretariatet for Trygge lokalsamfunn, Klepp kommune eller Fylkesmannen i Rogaland om DagROS.